

Ruter frå Patchellhytta

Fint plassert mellom Slogen, Smørskredtindane og Brekketindane ligg Habostaddalen med Patchellhytta, 818 m over havet. Rute 4.32, 4.37 og 6.3 fører deg hit. Hytta er det ideelle utgangspunktet for bestigning av dei vakre tindane. Slogen er enklast, Smørskredtindane er høgast, men Brekketindane er villast. Her er mange ruter for klyving og taubruk. Toppene kan du også nå på ein dagstur frå Stranda, Øye eller Urke, men med unntak av ruta til Slogen vert det dryge turar.

4.33 Slogen

Patchellhytta er det kjekaste utgangspunktet for bestigning av Slogen. Du ser målet heile vegen.

Ei **middels tung** rute, stigning frå **818 m** via *Steinreset* på **972** til toppen på **1564 m**. **2-3 timar** er grei tidsmargin på **3 km** frå hytta.

Lett stigning frå Patchellhytta vestover til Steinreset. Ruta går over dei to puklane, kollar på 1146 og 1205 m, aust for fjellet. Det er ingen vanskelege passasjar over puklane til skaret der *Slogråsa*, rute 4.31, kjem opp. Stien går vidare i krappe svingar opp den bratte og breie fjellryggen til litt slakkare terreng ved ein for topp. Siste kneik har svaberg med enkle **klyveoptak**.

4.34 Store Smørskredtind

Storebroren til Slogen har ei toppogg med to jamnhøge toppar på kvar ende. Store Smørskredtind er det nest høgste fjellet i Sunnmørsalpane, og ligg i Ørsta kommune. Uttrykket “smør” har positivt innhald, og viser til godt beite og fruktbar jord under tindene. Skreda kan gå frå toppområdet og heilt ned til dei oppdyrka markane.

Det er ingen enkle ruter til Store Smørskredtind. Enkelte går opp utan tau under gode forhold, men kan føle seg utrygge på returen. Her er

Patchellhytta er ei sjølvbetjent nøkkelbu med proviant, 28 senger og hems. Gamlehytta er sikringsbu. ÅST gjorde siste store utbygging i 2010.



Patchellhytta.



Brekketindane sett frå toppen av Slogen.



Frå Store Smørskredtind mot Slogen.

